


Nynorsk mediesenter

Status per 20.12.2007



Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas:

- Det blir rift om disse praktikantene

Kringkastingssjef Hans-Tore Bjerkaas besøkte Nynorsk mediesenter og NRK Sogn og Fjordane 16. november og fekk vel ein time saman med sjuande kullet. Han har på oppmoding gjort seg desse tankane etterpå :



- Jeg møtte en gruppe interesserte, kunnskapsrike og engasjerte studenter, som jeg tror redaksjonene må være snar å sikre seg. Jeg er nokså sikker på at det blir rift om disse, slik det i

stor grad har vært om studentene fra tidligere kull. Nynorsk mediesenter er et redskap for å sikre rekruttering av journalister som bruker nynorsk. På senteret får de en konsentrert opplæring, som er praktisk innrettet. Det betyr at studentene etter opplæringen og praksisen er klar for kvalifisert, journalistisk arbeid. Kandidatene fra Nynorsk mediesenter er etterspurt. Arbeidet som gjøres her er viktig for at NRK skal kunne innfri sine forpliktelser på språkområdet, skriv kringkastingssjefen.

Sjuande kullet forlet Førde

20. desember er det sjuande kullet med nynorskpraktikantar ferdige med fire månaders opplæring og praksis i Førde. 3.januar 2008 er dei klar for ekstern praksis. Håvard Tvedte og Eva Marie Felde skal til NRK Dagsnytt, Ivar Folkedal til NRK.no, Ingunn Viken til NRK Møre og Romsdal og Eline Buvarp Aardal til Her og Nå-redaksjonen på Tyholt.

Det er fyrste gongen vi har nynorskpraktikantar i ekstern praksis i Her og Nå og NRK. No. Dagsnytt og NRK Møre og Romsdal er dei to redaksjonane som har teke mot flest nynorskpraktikantar i praksis. Dagsnytt har med desse to hatt sju og NRK Møre og Romsdal tek mot den fjerde nynorskpraktikanten.

Eline Buvarp Aardal :

- Internpraksisen er over, og eg sit igjen med sær gode erfaringar frå NRK Sogn og Fjordane. Eg har fått prøvd meg på det meste, og eg har vorte sikrere på at eg kan takle dette yrket etter kvart. Når eg har stått fast, har tilbakemeldingane frå dei som jobbar i redaksjonen vore konstruktive, og dermed hjulpet meg vidare. Skal eg trekkje fram **ein** ting som har gått opp for meg i internpraksisen, er det viktigeita av sjølv å finne gode saker å jobbe med. Det er ingenting som er verre enn å sitte framfor dataskjermen ein heil dag, på desperat leiting etter eit eller anna å gjere. Og, i omvendt situasjon: Ikkje noko er kjekkare enn å høyre ei sak, som eg sjølv har tipsa om og jobba med, på lufta. No gler eg meg veldig til eksternpraksis i Her&Nå, og er førebudd på å jobbe hardt og godt der.





Ivar Folkedal:

- Det er litt vemodig at den siste veka i Førde er komen, no som eg begynte å bli ordentleg varm i journalisttrøya. Praksistida i distriktsredaksjonen har vore veldig givande. Samtidig gler eg meg til vidare praksis i Oslo over nyttår. Juleferien er etterlengta, for det har vore minimalt med tid til å slappe av dei siste månadane. Tida i Førde har gitt meg sjølvtilitt både på det journalistiske, og det språklege området. Eg har fått stadfesta at eg har valt riktig yrkesretning. No skriv eg alle tekstmeldingar og e-postar på nynorsk. Det var eg ikkje like flink til før. Det handlar om å skape sin eigen identitet.



Eva Marie Felde :

- Fire månadar ved Nynorsk mediesenter har gjeve meg ein fantastisk sjanse til å finne ut om eg vil bli journalist eller ikkje, utan å ha journalistisk utdanning. Ein slik moglegheit får ein truleg ingen andre stader. Det har vore ein lærerik periode, der eg etter to månadar opplæring har fått full tillit som journalist. Det drøymde eg ikkje om før eg starta her.

Håvard Tvedte :

- Å vera nynorskpraktikant gjer at ein følgjer med. Samstundes er det ein hektisk førebuingssprosess. Etter to månadar i ei "boble" på loftet kjennest det som ein naturleg progresjon å få prøva seg på desken i NRK Sogn og Fjordane. Ordninga med mykje praksis trur eg skjerpar! Dessutan er det nyttig heile tida å få tilbakemeldingar, og at det er ei kontinuerleg evaluering av innsatsen til både praktikantar og lærarar. Dette bidrar til at ein heile tida stiller nye krav til seg sjølv.



Ingunn Viken :

Dei to månadane i praksis har gått så fort! Ingen dag er lik, og det er noko av det eg likar aller best ved å vere journalist. Om ein dag har vore skikkeleg traurig der produksjonen har gått i stå, så veit eg at det alltid er ein ny sjanse i morgon. Om det har gått bra og eg har fått sakene på riks, tenker eg at dette skal eg jammen få til i morgon og! Det har vore ei krevande tid, ei spanande tid, ei bedriten tid, og ei tid som får blodet til å bruse. Tida me var så nervøs for då me sat på loftet har blitt kvardag, som me meistarar ganske bra, ser det ut som.

- Ein utprega ja-gjeng

Geirmund Henjum har vore faglærer i Nynorsk mediesenter sidan hausten 2005 og fortel her om røynslene sine så langt og med det sjuande kullet :



- Dei siste to månadane før eksternpraksisen er alltid dei mest spanande, også for oss som har den tettaste kontakten med praktikantane. Vil dei fem lukkast? Har me førebudd dei godt nok til å klara seg gjennom både internpraksisen i NRK Sogn og Fjordane og den komande eksternpraksisen? Lyser den raude tråden sterkt nok mellom øvingane på loftet og kvardagen på desken?

Etter å ha fylgt 25 unge, energiske og målretta journalistspirer i fem kull, slår det meg kor godt dei alle, jamt over, hevdar seg i den "verkelege" verda etter dei første, famlende stega dei to første månadene.

Også kull 7 har vore ein utprega ja-gjeng, som har teke på seg oppgåver utan å mukka. Dei har utmerka seg spesielt med å vera sær sjølvstendige og produktive. Når dei no forlet huset vårt og går inn i den aller siste fasen av praktikant-tida, er vi visse på at dei ikkje berre blir femte hjulet på redaksjonsvognene, men nyttige tilvekstar både i Dagsnytt, Her & Nå, NRK.no og NRK Møre og Romsdal.

Det er Randi Indrebø og Geirmund Henjum som skal vere faglærarar for åttande kullet frå nyttår.

Åttande kullet



Dette er nynorskpraktikantane frå 3. januar til 30. juni 2008. Frå venstre Elin Thingvoll Berge (1980), frå Vik i Sogn, Olav Arne Nedrelid (1978), frå Fjørtoft på Sunnmøre, Eivor Brandseth (1985), frå Skogn i Nord-Trøndelag, Roger Sevrin Bruland (1977), frå Utvik i Nordfjord og Marit Holmquist Fenne (1980), frå Fræna i Romsdal.

Elin Thingvoll **Berge** er lærar i media og kommunikasjon ved Breivika vidaregåande skule i Tromsø. Ho har bachelorgrad i media, IKT og design ved Høgskulen i Volda, og grunnfag i norsk og tysk.

Olav Arne **Nedrelid** er lærar ved Akademiet vidaregåande skule i Ålesund, der han underviser i mediekunnskap, norsk og religion/etikk. Han er utdanna allmennlærer frå Høgskulen i Volda.

Eivor **Brandseth** er fotoassistent i Barcelona i Spania, der ho har studert klesdesign siste året. På Inderøy vidaregåande skule var ho utvekslingsstudent gjennom organisasjonen AFS, og lærde seg italiensk i Milano.

Roger Sevrin **Bruland** har arbeidd i UDI denne hausten, etter å ha vore ved dei norske ambassadane i Romania og Makedonia dei siste to åra. Han er bachelor

i historie og religionsvitenskap frå Universitetet i Bergen, har master of Letters Middle East Security frå Universitetet i Aberdeen, Skottland og han har vidareutdanning i statsvitenskap ved det amerikanske universitetet i Kairo. Bruland har også vore NATO-soldat i Bosnia og Serbia.

Marit Holmquist **Fenne** er internasjonalt koordinatør ved Samfunnsvitenskapleg fakultet ved Universitetet i Tromsø. Frå same universitet har ho master of Philosophy in Peace and Conflict Transformation. Ho er bachelor i kultur – og samfunnsvitenskap, med fordjuping i samanliknande politikk, frå Universitetet i Bergen.

Gjesteforelesarane hausten 2007

Nynorsk-konsulent Jon Peder **Vestad** ved Høgskulen i Volda, direktør Ottar **Grepstad** ved Nynorsk kultursentrum i Ørsta og Jan Olav **Fretland**, 1.amanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, er dei tre faste førelesarane om nynorsk. Vestad tek føre seg språkreglar og nynorsk i NRK, Grepstad syner rundt på Aasentunet og fortel om historia og folka bak språket vårt, og Fretland føreles om "Tal dialekt – skriv nynorsk, om dialekt og normering".

Ein annan fast gjesteforelesar er banksjef Arve **Sandal** i Sparebanken Sogn og Fjordane. Han gjev praktikantane ei innføring i Sogn og Fjordane med det same dei kjem, fordi det er her dei skal prøve seg som journalistar fyrst. Logoped Jorid **Løvbakk** har *ein* dag om stemme og stemmepleie med praktikantane.

Hausten 2007 har elles desse vore gjesteforelesarar: Arne **Eithun**, journalist i NRK Sogn og Fjordane, lærde dei om arkiv/postjournalar og register som kjelde for journalistikk. Linda **Eide**, journalist i NRK, føreles og gav mange døme på kor viktig god lyd er for den gode reportasjen. Eva **Westvik**, journalist i NRK Sogn og Fjordane, gav praktikantane tre dagars innføring i TV-kommentaren. Kari **Sørbo**, programleiar i "NRK Her og Nå", føreles om "Den engasjerte journalisten", PFU-leiar Odd **Isungset** om "Dei vanskelege grensene" - om presseetikk og Vær varsam-plakaten. Isungset er tilsett i TV2. Derifrå kom også utanriksjournalist Sonja **Skeistrand** for å fortelje om korleis det er å vere "Ung i utanriks".



For kvart kull har vi nokre nye gjesteforelesarar. I haust var det Håkon **Haugsbø** (til venstre), Helene **Hillestad** og Svein Ove **Hansli**.

Håkon Haugsbø er journalist i NRK Fakta og leiar i styret for SKUP, Stiftinga for kritisk og undersøkjande journalistikk. Han føreles om "Undersøkjande journalistikk". Helene Hillestad er vaksjef for nettsidene til NRK Østfold og underviste i to dagar om nettjournalistikk.

Siste gjesteforelesaren i år var Svein Ove Hansli i Dagsrevyen. Emnet hans var : "Frå praktikant til fast tilsett - kva krevst og korleis er det ? " Hansli gjekk fyrste kullet med nynorskpraktikantar i 2004/05 og fekk fast tilsetting i NRK hausten 2006.

Nøgne kursdeltakarar



- Vi takker for et meget interessant og nyttig kurs, og anbefaler kurset uforbeholdent til andre, skriv Øystein Meyer, fagsjef for drift og kompetanse i Gjensidige på Vestlandet. Han sit til venstre på bildet.

Vi har hatt totalt nitten kurs i regi av kursverksemda vår "Munn og mæle" i 2007. Det er åtte kurs i medietrening, seks i skriving for Internett, tre krise- og beredskapskurs, eitt i presentasjon og eitt kurs i videofilming. Tilbakemeldingane har vore gode og etterspurnaden etter kurs aukar.

Siste 1,5 året har vi hatt Wenche Eikum tilsett for å lage, halde og selge kurs. Ho har vore sjølvfinansierande, og vi har 15-20 % avkastning på kursa våre i år. Eikum har mamma- permisjon og vert vekke i 2008. Vi held fram med kursverksemda vår som før, og held kursa med egne ressursar eller innleigde folk, alt etter kva kurs det er snakk om.

Det er framleis kurset i medietrening som er mest etterspurt, men interessa har auka også for kurset i skriving for Internett. Mange kommunar vart opptekne av å bli betre i det etter at dei beste og dårlegaste kommunale nettsidene vart kåra i haust. Det er framleis private- og offentlege verksemdar som kjøper mest kurs hjå oss.

Interesserte kan sjå meir om kurstilbodet vårt på www.nynorskmediesenter.no

Her er tilbakemeldingar frå kurs i oktober, november og desember 2007 :

LO Stat

LO Stat i Hordaland og Sogn og Fjordane er opptekne av å skulere medlemmane sine i å meistre media, og har difor vorte ein av dei beste kundane våre.

Randi Indrebø og Wenche Eikum hadde medietrening med dei 30.-31.oktober, og Ingrid **Lund**, LO Stat Fylkeskartell i Hordaland, oppsummerte kurset slik :

- Eg syntes kurset var svært bra. Lokala var lyse og luftige, noko som gjer det enkelt å halde seg konsentrert. Sjølve kurset ga meg mange ting å tenke på, og eg meiner at eg er bedre rusta til å møte spørsmål frå pressa etter å ha tatt det. Kurshaldarane jobba godt saman og utfylte kvarandre. Metoden med eksempel frå verkelege sendingar, kombinert med at vi sjølve fekk prøve oss foran kamera, var svært lærerik.

Gjensidige Vest

28.-29.november hadde vi kurs i medietrening med 13 tilsette i Gjensidige på Vestlandet, frå Rogaland i sør til Romsdal i nord. Leiar for drift og kompetanse i Gjensidige Vest, Øyvind **Meyer**, skreiv etter kurset :

- Tilbakemeldingene fra kurset med dere har vært utelukkende positive og deltakerne har opplevd å ha fått godt utbytte av kurset. Flere gav uttrykk for at kurset ikke bare var nyttig i forhold til mediehandtering, men også i forhold til hvordan man faktisk fremstår - og gav alle nyttig presentasjonstrening.

De personlige tilbakemeldingene til hver enkelt oppleves som svært nyttige og gav deltakerne innblikk i sterke og svake sider ved seg selv. Kurset utfordret hver enkelt deltaker, og med en ramme av høy faglighet og trygghet gav det tilsammen enn opplevelse av mestring for alle som deltok. Vi takker for et meget interessant og nyttig kurs, og anbefaler kurset uforbeholdent til andre, skriv Øyvind Meyer. Det var Randi Indrebø og Magni Øvrebotten som hadde kurset.

Balestrand kommune

Balestrand kommune hadde samla 18 leiarar til kurs i formidlingsteknikk 6. desember. Rådmann Vidar **Roseth** oppsummerte :

- Gjennom kurset fekk vi konkrete og nyttige råd om korleis ein presentasjon bør leggjast opp og gjennomførast for å fenge og få fram budskapet på ein god måte. Det var ein passeleg kombinasjon av førelesing og praktiske øvingar. Vi vart imponerte over kor godt kurset vart førebudd for å treffe våre behov.

Dei to kurshaldarane nytta sine erfaringar og sin kompetanse, og dei viste oss og korleis ein kan halde strukturerte og engasjerande innlegg. Det var ei inspirert leiargruppe som gjekk frå kvarandre etter kursdagen, og eg er overtydd om at vi skal sjå resultat av dette, skriv rådmannen.

Det var Arve Sandal og Magni Øvrebotten som hadde kurset.

Mediehuset Firda

Randi Indrebø heldt kurs i videofilmning og TV-intervju for redaksjonen i Firda og Firdaposten 8. desember. På det meste var det meir enn 30 deltakarar på kurset. Redaksjonssjef i Firda, Arild **Nybø**, gav denne tilbakemeldinga etter kurset :

- Opplæringa var veldig intensiv, men var skreddarsydd for å høve til både proffane og nybyrjarane. Tilbakemeldingane frå deltakarane har utelukkande vore gode. Vår oppsummering er at dette var eit svært vellukka kurs, som utvida og heva kompetansen i mediehuset vårt

Kvar vert nynorskpraktikantane av? 86,7 % er journalistar

Vi legg vekt på å rekruttere folk som er sterke i trua både i høve til nynorsken og viljen til å bli journalistar. Det trengst for å lukkast i denne svært tettpakka opplæringa, og for å halde ut livet som vikar/tilkallingsvikar, ofte i årevis etterpå.



Per desember 2007 er 30 nynorskpraktikantar opplærde sidan starten hausten 2004, 86,7 % av dei har heil- eller deltidsarbeid som journalistar. Tyngda er i NRK. Fleire studerer i tillegg til arbeidet.

Tre av nynorskpraktikantane har så langt fått fast arbeid i NRK. Maria **Rivedal** (biletet) er den siste av dei. Ho fekk fast tilsetting i NRK P3 fyrst i desember, etter å ha arbeidd der sidan vinteren 2005. Ho skal vere med å bygge opp nett- og fjernsynssatsinga til P3.

Utanfor NRK har seks tidlegare nynorskpraktikantar fått seg fast arbeid i ulike medieverksemder. Men dei fleste er faste vikarar eller tilkallingsvikarar i NRK. Det er tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen,

Nitimen/Frukosttv, P3-nyhenda, Kulturavdelinga i NRK P2, i barne – og ungdomsavdelinga i NRK og ved seks distriktskontor.

Her kjem ei oppdatering av kvar det har vorte av nynorskpraktikantane frå dei seks fyrste kulla:

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007.



Gunhild Sølvberg (1978) er studiekonsulent i Gateway College, som tilbyr norsk høgskule-utdanning i utlandet. **Yngvill Kolset Haga** (1980) arbeider for Paradox produksjonsselskap. **Mona Vetrhus** (1975) arbeider i barne- og ungdomsavdelinga i NRK, med Barnetimen og NRK Super. **Ragnhild Bjørge** (1977) er vikar i NRK Dagsnytt, NRK.no og Sporten. **Inger Synnøve Tveito** (1985) har i haust studert russisk i St. Petersburg og held fram med det ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007.



Bjarte Vik (1986) studerer til allmennlærer ved Høgskulen i Bergen. **Marianne Feste** (1981) har arbeid i NRK Hordaland sidan ho var der i praksis. **Gøril Furu** (1984) er tilkallingsvikar i P3nyhenda og studerer medieproduksjon ved NTNU i Trondheim. **Ingrid Hognaland** (1986) er fast tilsett som journalist i Tysvær Bygdeblad. **Vidar Eidhammer** (1984) studerer mediefag ved Universitet i Stavanger og er tilkallingsvikar i NRK Rogaland.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Asgeir Reksnes (1979) arbeider i NRK Sogn og Fjordane. **Bergit Sønstebø Svendseid** (1984) er nettkonsulent i Kirkens Nødhjelp. **Erlend Bjalid Oldeide** (1984) er fast tilsett som journalist i NRK Sogn og Fjordane. **Ingrid Aanestad** (1983) er tilkallingsvikar i NRK P2 og student ved det nordiske forfatterstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg. **Øystein Windstad** (1983) er journalist i Trønderbladet.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Håvard Hamnberg (1978) arbeider i Point Carbon, der han er redaktør for eit tidsskrift om den europeiske marknaden for kvotehandel. **Karoline Kalstveit** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og student ved Arkitektthøgskulen i Bergen. **Gisle Forland** (1981) er nyleg tilsett som vikar i NRK Nordland, etter å ha vore i NRK Møre og Romsdal sidan han var der i praksis. **Marita Haugo** (1982) er multimedial medarbeidar i Drammens Tidende. **Solve Rydland** (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig Hareide (1983) er programleiar i NRK Super. Etter nyttår skal ho førebu "Påskemorgon" frå Tromsø, før ho byrjar i redaksjonen for Newton i Trondheim, der ho vert ny programleiar hausten 2008. **Eli Vaage** (1984) er vikar i NRK Hordaland. **Ingebjørg Bø** (1977) er fast tilsett som journalist i Telemarksavisa. **Birte Njåsen Horne** (1984) er nettansvarleg i Nitimen og Frukostfjernsynet. **Janne-Marit Myklebust** (1981) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli Bjelland (1981) arbeider i Dagsnytt, Dagsnytt 18 og tekst-tv. **Knut Åge Teigen** (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og i GAN forlag. Han arbeider for tida med ein serie undervisningsfilmar om nynorsk som sidemål i grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet. **Svein Ove Hansli** (1976) er fast tilsett i Dagsrevyen. **Maria Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3. **Inger Johanne Sæterbakk**, (1981) er kulturjournalist i Kulturnytt i NRK P2 i Tromsø. Ho arbeider også for NRK Troms og Finnmark.

Visjon og verdier

”Stolt nynorsk”

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredøme i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiding av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.



Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskkrøsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under ”Statusrapportar”.

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

